



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
26/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.03.2017
22/2017	Kommunestyret	PS	03.04.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA - K40	16/155

### ENDRINGSFORSKRIFT OM MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL KOMMUNE, HORDALAND - ENDELEG FRAMLEGG ETTER OFFENTLEG HØYRING

#### Vedlegg:

Høyringsutale - endringsforskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune  
Høyringsuttale til framlegg om endring av minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune  
FRAMLEGG TIL ENDRING AV MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL KOMMUNE  
Høyringsmerknader til endring av minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune.pdf  
ENDRINGSFORSKRIFT OM MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL KOMMUNE - OFFENTLEG HØYRING  
Vedlegg 1 Figur Tildeling av hjorteløyve og felling av hjort  
Vedlegg 2 Tildelings\_ og fellingsareal per dyr

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om minsteareal for hjort vert godkjent som følgjer:

Endringsforskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland:

§ 1 Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune i Hordaland.

§ 2 Minstearealet for godkjenning av hjortevald og tildeling av fellingsløyve, er endra frå 1500 daa til:

- 1300 daa for Eksingedalen ovanfor Eikefet/Nese, Bergsdalen og Vaksdal kommune sitt areal på Osterøy.
- 1000 daa for alle andre område i kommunen med teljande hjorteareal.

§ 3 Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar det som gjeld Vaksdal i forskrift av 13. juni 2001 nr. 648 om jakt etter hjortevalt (elg, hjort og rådyr), Bergen, Sveio, Bømlo, Kvinnherad, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Samnanger, Os, Austevoll, Sund, Vaksdal, Modalen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland.

Vedtaket har heimel i Lov om viltet § 16, Forskrift om forvaltning av hjortevalt § 6 og forvaltningslova § 37.

## **Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 26/2017**

### **FPØ - Behandling:**

Det vart stilt spørsmål om habiliteten for Sigmund Simmenes, Jan Erik Bernes Roe og Bjørn Roald. Desse er grunneigarar/eigarar av hjorteareal i kommunen. Formannskapet vedtok samrøystes at desse er ugilde. Rådmannen må avklara spørsmålet til saka skal opp i kommunestyret.

Rådgjever landbruk Tore Henrik Øye orienterte.

Samrøystes vedtak.

### **FPØ - Tilråding:**

Forskrift om minsteareal for hjort vert godkjent som følgjer:

Endringsforskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland:

**§ 1** Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune i Hordaland.

**§ 2** Minstearealet for godkjenning av hjortevald og tildeling av fellingsløyve, er endra frå 1500 daa til:

- 1300 daa for Eksingedalen ovanfor Eikefet/Nese, Bergsdalen og Vaksdal kommune sitt areal på Osterøy.
- 1000 daa for alle andre område i kommunen med teljande hjorteareal.

**§ 3** Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar det som gjeld Vaksdal i forskrift av 13. juni 2001 nr. 648 om jakt etter hjortevilt (elg, hjort og rådyr), Bergen, Sveio, Bømlø, Kvinnherad, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Samnanger, Os, Austevoll, Sund, Vaksdal, Modalen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland.

Vedtaket har heimel i Lov om viltet § 16, Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 6 og forvaltningslova § 37.

## **Kommunestyret - Sak 22/2017**

### **KOM - Behandling:**

Rådmannen orienterte om habilitetsreglane i forvaltningslova § 6 2. ledd. Desse representantane gjekk frå under behandlinga av habilitetsspørsmålet: Sigmund Simmenes, Jan Erik Bernes Roe, Boris Groth, Arne Normann, Ivar Rødland Berge og Hege Eide Vik. Kommunestyret vedtok samrøystes at representantane er habile til å behandla saka.

### **Endringsframlegg frå Åshild Eikefet Lien, AP:**

Endring i § 2:

*Likt minsteareal for godkjenning av hjortevald og tildeling av hjorteløyver i heile Vaksdal kommune, 1000 daa.*

Grunngjeving:

*Som mange års erfaring frå vilt- og fiskenemnda i Vaksdal kommune, reinsdyrnemnda for*

*Fjellheimen, jervenemnda for Sør Norge og viktig opplæring i Direktoratet i Trondheim veit eg at ulike endringar av arealet og løyver skapar uro i bygder og kommunar.*

*Blant anna var det ein gang ein kommune som ikkje hadde svart på høyring frå Direktoratet om grensejustering for reinsdyrarel, og som ville ha mista mange løyve med begrunning: det er ikkje reinsdyr der. Var ikkje vår kommune, men eg fekk redda arealet.*

*Alle som kan noko om villdyra veit at dei endrar leveområde etter f.eks. harde snøvintrar då dei trekkjer tidleg ut mot ytre strok. Kalvar hjorten der det året vert den som regel der, og hjorteteljinga vert då endra til dei trekkjer innatt ved lettare temperatur og får gå til fjells og eta nyspira mat som er næringsrik heile sommaren.*

*Eg oppfordrar politikarane her idag til å ivareta Næringsområda og samarbeid mellom bygdene i vår kommune.*

### **Røysting:**

Formansskapet si tilråding og framlegget frå Åshild E. Lien vart sett opp mot kvarandre:

Åshild E. Lien sitt framlegg fekk 14 røyster (H, KRF, SP, AP (÷ Anne Christin Eide og Eirik Haga)) og vart vedteke.

### **KOM - Vedtak:**

Forskrift om minsteareal for hjort vert godkjent som følgjer:

Endringsforskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland:

**§ 1** Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune i Hordaland.

**§ 2** Minstearealet for godkjenning av hjortevald og tildeling av fellingsløyve, er endra frå 1500 daa til:

- 1000 daa for alle område i kommunen med teljande hjorteareal.

**§ 3** Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar det som gjeld Vaksdal i forskrift av 13. juni 2001 nr. 648 om jakt etter hjortevilt (elg, hjort og rådyr), Bergen, Sveio, Bømlø, Kvinnherad, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Samnanger, Os, Austevoll, Sund, Vaksdal, Modalen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland.

Vedtaket har heimel i Lov om viltet § 16, Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 6 og forvaltningslova § 37.

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

I tråd med vedtak i Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.01.2017, sak 12/2017, vart framlegg til endringsforskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune, sendt på offentleg høyring.

Framlegget var å endre minstearealet frå 1500 daa til;

- 1400 daa for Eksingedalen ovanfor Eikefet/Nese, Bergsdalen og Vaksdal kommune sitt areal på Osterøy.
- 1000 daa for alle andre område i kommunen med teljande hjorteareal.

Høyringsframlegget vart sendt til hjortevald i Vaksdal kommune og Modalen kommune, Evanger Vest hjortevald, Evanger Sør hjorte- og elgvald, Vaksdal-Evanger bestandsplanområde, Storfjellet bestandsplanområde, lokale landbruksorganisasjonar, Dale jakt- og fiskarlag, Hordaland fylkeskommune og Osterøy, Modalen og Voss kommunar. Framlegget er òg kunngjort i Vaksdalposten og lagt ut på nettsida til Vaksdal kommune.

Høyringsfristen vart sett til 26.02.17.

Det kom inn høyringssvar frå Indre Osterøy hjortevald, Modalen kommune og Hordaland fylkeskommune. Gjennomgang og handsaming av innspela, går fram under «vurdering».

## Vurdering

### HØYRINGUTTALE FRÅ INDRE OSTERØY HJORTEVALD

Indre Osterøy hjortevald er ikkje samd i føreslegne endringar av minstearealet. Valdet reagerer spesielt på at minstearealet i deira vald, er sett til 1400 daa, medan arealet til vald som Indre Osterøy hjortevald grensar til i Stamnesområdet, er sett til 1000 daa. I tillegg peikar valdet på at fleire nabovald har hatt under 1000 daa i tildelingsareal per løyve i fleire år, gjennom aktiv bruk av 50 % regelen i regi av kommunen. Hjortevaldet meiner at valda i området forvaltar ein felles bestand, og at bruk av minstearealet og andre bestandsretta verkemidlar, i større grad bør vere felles for valda. Valdet er òg uroleg for bestandssituasjonen, dersom uttaket av dyr vert for høgt over tid.

Hjortevaldet ønskjer at nabovalda får omtrent den same tildelinga som eige vald, og føreslår 1300 daa per løyve til Indre Osterøy hjortevald og 1200 daa per løyve til nabovald i Stamnesområdet.

*Rådmannen sin vurdering: I framlegget til minsteareal er mellom anna tidlegare års avskyting vurdert opp mot bestandstandsstatus og framtidige mål for hjorteforvaltninga. Utgangspunktet er at bestandssituasjonen er ganske stabil, og at dagens, samla tildelingspraksis og uttak, i stor grad kan halde fram, men med vurdering av trongen for lokale justeringar/tilpassingar undervegs.*

*I følgje «Forskrift om forvaltning av hjortevilt – med kommentarer» (M.478), § 6, er hovudregelen eitt minsteareal per kommune. Det kan likevel fastsetjast ulike minsteareal i kommunen ut frå tilgjengeleg bestandsinformasjon. I arbeidet med gjeldande forskrift, er det lagt vekt på å halde talet på soner så lågt som mogeleg, noko som har resultert i framlegg til to minsteareal. Grensene mellom desse sonen byggjer som nemnd på generelle erfaringar frå tidlegare avskyting og bestandsstatus, og skal representere eit hovudbilete for situasjonen. I dette høve er mellom anna geografiske skilje brukt ved grensedraging, som mellom valda på Osterøy og valda i Stamnesområdet.*

*Indre Osterøy hjortevald har rett i at hjort i deira område også brukar arealet til nabovald som leveområde, og motsett, og at forvaltninga i valda vil påverke mange av dei same dyra. Rådmannen forstår difor problematikken som vert reist med tanke på skilnaden i minsteareal og ulik bruk av 50 %-regelen. Resultatet har vorte relativt store skilnadar i tildelingsareal per dyr til valda. Dette har basis i skjønn ut frå lokale forhold, som historiske fellingstal, m.m. Men vi merkar oss innspelet til Indre Osterøy hjortevald for framtida.*

*Rådmannen meiner at eventuelle endringar/utjamningar mellom vald over tid, kan regulerast ved bruk av 50 %-regelen ut frå føreslegne minsteareal. Likevel bør ein prøve å få til så korrekte minsteareal som mogeleg, sjølv om det er vanskeleg å treffe godt for alle vald. Rådmannen går difor inn for å redusere minstearealet frå 1400 daa til 1300 daa for både valda på Osterøy, Eksingedalen og Bergsdalen. For dei to dalføra sin del, vil endringa samsvare godt med dagens situasjon og mål for framtidig tildeling.*

*Indre Osterøy hjortevald, tek også opp ein del andre forhold knytt til hjorteforvaltninga. Desse forholda ligg litt på sida av saka om minsteareal, og kommunen vil difor følgje dei opp parallelt.*

#### HØYRINGSUTTALE FRÅ MODALEN KOMMUNE

Bakgrunnen for Modalen kommunen sin uttale, er at dei tre valda i Modalen er medlem av Storfjellet bestandsplanområde, der Vaksdal kommune er administrativ vertskommune. Dette fører til at forskriftsendringane òg vil bli gjeldande for valda i Modalen, som i dag har 1500 daa i minsteareal.

Kommunen skriv at saka er godt opplyst, og at det er gjort grundige vurderingar av effekten ved endring av minstearealet, sjølv om høyringsframlegget ikkje går konkret inn på situasjonen i Modalen.

Kommunen meiner at føreslegne endringar vil gje mindre konsekvensar for valda i Modalen, sidan fellingsløyva i dag vert løyvd etter det arealet Vaksdal kommune ønskjer å bruke.

*Rådmannen sin vurdering: Modalen kommune har ikkje vesentlege merknadar til endring av minstearealet, og rådmannen kommenterer difor ikkje uttalen nærare.*

#### HØYRINGSUTTALE FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Fylkeskommunen skriv at saka synest godt opplyst for områda i Vaksdal kommune, og at vurderingane er gode. Fylkeskommunen har difor ingen merknadar til dei føreslegne endringane i kommunen.

Det vert derimot nemnd at det ikkje er gjort like grundige vurderingar av lokale bestandsforhold for valda i Modalen. Dette kunne vore ønskeleg og tenleg for saka, sjølv om høyringsframlegget viser at føreslegne endringar synest å vere passande for valda i kommunen.

I tillegg kommenterer fylkeskommunen den manglande samordninga med Osterøy kommune om fastsetjing av minsteareal. Dette har ført til store skilnader i minstearealet over kommunegrensene, truleg for den same hjortebestanden.

*Rådmannen sin vurdering: Rådmannen merkar seg merknaden om mangelfull utgreiing av lokale bestandsforhold i Modalen og manglande samordning med Osterøy kommune om fastsetjing av minsteareal. Oppfatninga er likevel at uttalen ikkje har merknadar som krev ei nærare vurdering av høyringsframlegget.*

#### **Konklusjon**

På bakgrunn av innkomne høyringsframlegg, går rådmannen inn for å endre minstearealet for hjortevalda i Eksingedalen, i Bergsdalen og på Vaksdal kommune sin del av Osterøy, frå 1400 daa til 1300 daa.